

IVAR BERG

## Om normalisert norrønt

### 1 Inngang

I løpet av 1800-talet vart det etablert ei norm for det vestnordiske mellomalderspråket. Slik, “normalisert norrønt” møter me i tekstutgåver, grammatikkar, ordbøker og lærebøker, og når ein i språkvitskapleg litteratur finn tilvisingar til “norrønt”, er det helst denne norma som er meint. Ho vart etablert av språkvitarar og filologar som arbeidde innanfor andre vitskaplege paradigme (i Thomas Kuhns forstand) enn me gjer i dag, men resultatata dei kom fram til, vert likevel aksepterte eller jamvel tekne for gjevne utan vidare refleksjon. Det er difor på høg tid å spørja korleis denne norma vart utvikla.

Dét spørsmålet har aldri vorte skikkeleg drøfta, og har heller ikkje noko opplagt svar. I mange utgåver frå 1800-talet finn ein merknader om at normaliseringa fylgjer “den vanlege rettskrivinga i utgåver”, i ymse formuleringar. Ei grundig drøfting finn ein fyrst i andreutgåva av leseboka hans Ludvig Wimmer (1877), som påverka seinare praksis mykje.

---

Artikkelen vart skriven under eit forskingsopphald i Reykjavík våren 2014. Takk til Stofnun Árna Magnússonar, og særleg Haraldur Bernharðsson, som gav meg plass på lesesalen og tok vél imot meg på alle vis. Elles takk til Andrew Wawn for å visa meg Blom (2013), og Odd Einar Haugen (onym konsulent) og ein anonym konsulent for verdifulle merknader.

---

Ivar Berg, postdoctoral fellow, Norwegian University of Science and Technology (NTNU, Trondheim). “On normalised Old Norse” *ANF* 129 (2014). pp. 21–54.

**Abstract:** This historiographical article discusses the development of “normalised Old Norse” and how this depended on the understanding of diachronic change and geographic variation within the West Nordic language area. The stable norm of grammars, dictionaries, text editions and introductory books is presented as the common language of Norway and the Atlantic islands during the Middle Ages, yet resembles most closely Icelandic ca. 1200 CE. The standard orthography evolved through theory (historical linguistics) and practice (text editions) during the nineteenth century. The resulting norm depended on a historical preference for the oldest language of the “best” manuscripts, i.e. Icelandic ones from the early thirteenth century, albeit with due consideration of Modern Icelandic spelling. The ideological background was the general historicism of the nineteenth century, especially as expressed in historical and historicising linguistics.

**Keywords:** Old Norse, History of linguistics, History of philology, Rasmus Rask, Ludvig Wimmer, text editions.

1-korr  
3/10 2014

### Korrektur frå Trycktjänst

Nytt korrektur önskas

Får tryckas

Får tryckas efter korrigerung

.....

Men då hadde normaliseringa utvikla seg lenge allereie, og Wimmer, meir enn å definera noko heilt nytt, gav heller ei fagleg grunngeving for ein allereie etablert praksis (sjå § 5.3).

### 1.1 Føremål

Det er ei vedteken språkhistorisk sanning at norrønt var det sams språket i Noreg og Vesterhavsoyane i vikingtid og mellomalder. I praksis, slik det òg gjerne vert innrømt, ligg norma likevel nærast islandsk tidleg på 1200-talet. Eg vil difor i det fylgjande freista å røkja etter korleis norma plasserer seg i høve til diakron og geografisk variasjon innanfor det norrøne språkområdet.

Skilnader mellom norrønt og moderne islandsk vart gradvis klårare for språkvitskapen. For Rasmus Rask var det to sider av same sak, eller jamvel same sida, men etter som tilhøvet vart klårare, fekk dette konsekvensar for norma – og ikkje minst for etableringa av ulike normer for norrønt og nyislandsk. Jamvel om norma ligg nærare islandsk enn norsk på dei punkta der det var dialektskilnader, kan det vera omvendt der islandsk allereie i mellomalderen hadde innovasjonar.

Bakgrunnen for at norma vart som ho vart, er mykje å finna i dei ideologiske føresetnadene på 1800-talet. Eg vil allereie her trekkja fram to hovudtendensar: Den historiserande tendensen i språkforskinga på 1800-talet, med målsetjing om å finna fram til det eldste og opprinnelege språket; og den filologiske preferansen for “dei beste handskriftene”, som er eit utslag av same historiserande tendens. Den idéhistoriske bakgrunnen for det filologiske arbeidet påverka tekstutval og arbeidsmåte og gjer det mogleg å forstå dei resultatata forskarane kom fram til; dette blir drøfta i § 2.

### 1.2 To tilnærmingar

Arbeidet med dei norrøne kjeldene hadde to tilnærmingar: ei språkvitenskapleg og ei filologisk. Det språkvitenskaplege arbeidet ynskjer å definera ein språkleg storleik. Likevel må både grammatikkar og ordbøker ta praktiske val om kva former dei skal føra opp i paradigma og som oppslagsformer. Der språkforma i utgåvene vil leggja seg nær det “opphavlege” språket, vert på andre sida den språkhistoriske forkinga viktig for å etablara kva som er opphavleg. § 3 ser på korleis tilhøvet mellom norsk og islandsk og ulike historiske steg av islandsk vart forstått, og kva konsekvensar dette fekk for rettskrivinga.

I det filologiske arbeidet ligg studiar av originalhandskriftene og utgjeving av dei, der utgjevarane må velja ei språkform. Som nemnt innleiingsvis er det ofte vist til den rettskrivinga som var vanleg i andre utgåver; ein kunne kalla det ein organisk framvekst av ei norm gjennom *praksis*, i motsetnad til den *teoretiske* tilnærminga i språkvitskapen. § 4 tek føre seg prinsipp for tekstutgjeving og språkforma i eit utval utgåver av norrøne tekstar.<sup>1</sup> I § 5 freistar eg å sjå dei to tilnærmingane i samanheng og drøftar korleis norma voks fram.

Ein skal merkja seg at dei språkvitskaplege arbeida ofte byggjer på trykte utgåver og såleis er avhengige av språkforma der, med dei ulemper det medfører (sjå § 4.6). Det er openbert mykje vekselverking mellom desse to sidene av det faglege arbeidet med norrøne tekstar, og mange språkvitarar har samstundes vore aktive som tekstutgjevarar. Særleg junggrammatikarane kopla språkhistorie med tekststudiar (Rischel 2002: 134, 140). Det kan likevel vera grunn til å halda på tanken om to ulike tilnærmingar til språket i mellomalderkjeldene, for det avgjer òg kva slags utgåver ein ynskjer.

## 2 Fag- og idéhistorisk bakgrunn

Det tidlege 1800-talet var prega av ein romantisk historisme med opphav i tysk filosofi. Romantikken vart kjend i Danmark gjennom førelesingar av Henrik Steffens frå 1802, og slo gjennom i Sverige litt seinare (Hoffmeister 2003: 156–157; Blom 2013: 242, 256). Ei viktig side ved romantikken var interessa for mellomalderen (Schwering 2003), og med det den gamle folkemållitteraturen: “Das Resultat der romantischen Bewegung im Norden war die Rückbesinnung auf die eigene Volksüberlieferung” (Hoffmeister 2003: 156). Folk lenger sør i Europa var òg interesserte i den nordiske mellomalderlitteraturen, og tyske lærde søkte den gamle germanske kulturen i dei norrøne kjeldene. Sist på 1700-talet vart særleg mytologiske tekstar som eddadikt omsette til både fransk og tysk, og fleire omsetjingar vart utgjevne i filosofen J.G. Herders *Volkslieder* (Weber 1996: 82–83).

Ei inndeling av historia i tre epokar har lang tradisjon og vart overteke av romantikarane (Schwering 2003: 545–546). Filosofen F.W.J. Schelling kalla den eldste tida “heroernes og gudernes oldtid” (andre bruka lik-

<sup>1</sup> Berre utgåver som er direkte siterte, er oppgjevne i referanselista.

naude uttrykk), og omtala henne seinare som “myten om gullalderen” (Weber 1996: 87). Sjølve omgrepet ‘gullalder’ har røter attende til gresk mytologi, og vart teke oppatt og tilpassa nyare tids filosofi og tenkjesett: “Der Paradigmawechsel von der Antike zum Mittelalter als imaginier-tem Goldenen Zeitalter gilt gemeinhin als typisch für das Geschichtsdenken der Romantik” (Schwering 2003: 547). I nordisk (kultur-)historie kom denne gullalderen til å verta identifisert med høgmellomalderen, gjerne fastsett til 1100–1350 (Wollin 2000). Wollin nyttar Sverike som døme, men minst like tydeleg er denne tendensen i norsk historieskriving, med framheving av Noregsveldet på 1200-talet under Håkon IV Håkonsson (konge 1217–63) og dei fyrste etterkomarane hans – då stod Noreg på toppen av makta si i verdsleg forstand og produserte ein rik og variert litteratur. I kontrast til dette framstår den lange unionstida som ein periode prega av politisk, kulturelt og språkleg forfall.

Nasjonalromantikken og bygginga av ein norsk nasjonalidentitet var viktig for dei fyrste nordmennene som arbeidde med språkhistorie, særleg P.A. Munch, som knytte band mellom notida og den norske “stordomstida” i mellomalderen i forskinga si (Holm-Olsen 1981: 95). Å byggja bru over dansketida som ein negativ “mellomperiode”, var dessutan i tråd med tredelinga av historia i tradisjonen etter Schelling (Weber 1996: 93). Det nasjonale prosjektet førde til ein strid for å krevja den norrøne litteraturen som norsk, ikkje fellesnordisk (Holm-Olsen 1981: 102). I ei utgreiing om det “ældste fælles-nordiske Sprogs Udseende” vart tilhøvet mellom dei germanske språka uttrykt i ein “genealogisk Tabel” (Munch 1846: 223) som skilde mellom aust- og vestnordisk, der det siste omfatta norsk og islandsk – for Munch definitivt i den rekkjefylgja – og mellomalderlitteraturen var i hovudsak vestnordisk. Dei same nasjonale motiva gjorde at “utgjevarinteressa [i Noreg] frå byrjinga av vende seg mot den historiske og juridiske delen av den norrøne litteraturen, dei delane som kunne gje argument for eigne nasjonale institusjonar” (Haugen 1994: 140).

Dei høgst verdsette litterære verka frå nordisk mellomalder høyrer til denne høgmellomalderlege gullalderen: i Sverige frå landskapslovene og fram til Eufemiavisene, i Noreg og Island den klassiske norrøne historie- og sogelitteraturen (Wollin 2000: 40). Allereie i 1754 skreiv den islandske lagmannen Sveinn Sölvason om “þau gömlu gullaldarorð” hjå Ari fróði og Snorri Sturluson – ord han rett nok ikkje nytta sjølv (Kjartan G. Ottósson 1990: 33). Me skal sjå kva utslag denne gullaldertanken fekk på dei to områda som er relevante i vår samanheng: edisjonsfilologi og historisk språkvitskap.

## 2.1 Edisjonsfilologi

Utgjevinga av tekstar frå nordisk mellomalder på 1800-talet var inspirert av den romantiske interessa for fortida (jf. Rischel 2002: 141). Eit utslag av historiserande tenkjemåte er ideen om ein “urtekst”, den opphavlege teksten, skjult av seinare tradering. På 1800-talet fekk denne tanken eit vitskapleg og metodisk fundament i tekstkritikken, særleg slik han vart utforma av Karl Lachmann. Han meinte at målet var “å nå fram til det eldste laget av teksta, så nær originalen som råd var” (Haugen 1995: 83). Finnur Jónsson (1918: 44) står i denne tradisjonen når han omtalar “moderne kritisk” utgjevingsmåte der “håndskrifterne nøje undersøges og værdsættes, og den oprindelige tekst søges så vidt muligt restitueret.”

Austnordiske tekstar er helst gjevne ut diplomatarisk etter eitt handskrift, medan mange utgåver av islandske mellomalderstekstar er prega av ein slik urteksttankegang med “forbetring” av teksten og normalisering av språket (Rischel 2002: 142 nemner jamvel justering av vers til å høva med dei metriske teoriane hans Eduard Sievers). Til andreutgåva av leseboka si gjorde Wimmer nokre justeringar i tekstane, mellom anna i von om at det “er lykkedes mig at give en tekst av Hákonarmál, der står **det oprindelige** nærmere enn de tidligere udgaver” (Wimmer 1903: VI; mi utheving). Dette har han gjort etter “de principer, som længe har været anerkendte ved behandlingen af græske og latinske forfatteres tekster.” I klassisk filologi har tekstkritisk praksis lagt større vekt på urteksten enn det har vore vanleg i utgjevinga av folkemålstekstar.

På same vis kunne ein òg søkja attende til den opphavlege språkforma. I *Fagrskinna*-utgåva av Munch og Unger (1847) heiter det i innleiinga at dei har “gjengivet Afskrifternes vaklende Orthographi med en consequent, og saadan som den i **Sprogets bedste Periode** maatte have været” (s. XIV–XV; mi utheving). I diskusjonen av handskriftgrunnlaget for *Eyrbyggja saga* skriv Guðbrandur Vigfússon (1864: XXXV) at språket hadde den reinaste og beste forma si “am Anfange des 14. Jh., den man das goldne Zeitalter unsrer Orthographie nennen möchte.” Han omtalar seinare språket mot slutten av 1300-talet, “als die Orthographie zu verderben begann” (s. XXXVIII). Slike kvalitative vurderingar av rettskrivinga fekk konsekvensar for korleis utgjevarane handsama språkforma på vegen frå handskrift til trykt bok. Desse merknadene gjeld “Orthographi(e)”, men forskarar på den tida skilde ikkje klårt mellom skrift og tale, og dei to nivåa vart gjerne blanda saman.

## 2.2 Historisk språkvitskap

Språkvitskapen på 1800-talet var historisk i vid meining, og spesielt historisk-komparativ med freistnadene på å rekonstruera det indoeuropeiske urspråket. Ein viktig bakgrunn var “oppdaginga” av sanskrit, som særleg vart gjort kjent gjennom F.W. Schlegels bok *Über die Sprache und Weisheit der Indier* (1808). Om den fylgjande tida kan ein seia at “historicism and organicism [...] pervade the whole of contemporary intellectual life” (Morpurgo Davies 1998: 83; jf. s. 209 om “the form of historicism which dominated the century”). Den historiske orienteringa gjorde norrønt interessant for å forstå den eldre germanske målsoga. Såleis skriv Grimm i fyrsteutgåva av *Deutsche Grammatik* (1819: LXIX) at språket “hat sich im Norden [...] ungestörter und langsamer fortentwickelt und auf Island in ihren edelsten Bestandtheilen geborgen.”

I organisismen låg tanken om språk som naturlege organismar med eige liv. Dette er særleg knytt til August Schleicher og skiljet hans mellom to fasar i språkhistoria, “entwicklung” i førhistorisk tid og “verfall der sprache” i historisk tid (Schleicher 1861–62: 3), men allereie på 1830-talet sette August Pott fram liknande tankar (Morpurgo Davies 1998: 87; jf. s. 177–178 om Schleicher). Sjølve ordbruken er endå eldre, Grimm nyttar “organisch” omtrent i tydinga ‘etymologisk’. Organisismen hans Schleicher gjorde det mogleg å snakka om kvalitativt ulike steg i språkutviklinga og “det beste språket”. Slik kan ein seia at Schleicher og hans samtidige midt på 1800-talet gav vitskapleg legitimitet til romantiske førestillingar tidlegare i hundreåret. Sitatet frå Munch og Unger ovanfor viser ein slik tanke, og liknande formuleringar finst kringom i litteraturen, t.d. “sprogets bedste periode” hjå Wimmer (1903: XXII).

Gullaldertanken påverka heilt konkret kva for kjelder skildringa av norrønt skulle byggja på. Rasmus Rask (1811: 238) skriv om det “forfinede Sprog” i “den klassiske islandske Litteratur, f. Eks. Niála, Heimskringla, Eigla, Gretla, Sturlúnga, o. fl. desl. Og dette er det egentlig, som i det foregaende er beskrevet.”<sup>2</sup> Dette siste atterhaldet er ikkje med i det tilsvarende avsnittet i den svenske utgåva (Rask 1818: 277), men der er òg ei tydeleg vurdering av kva språk som er best: “Lyckligtvis har man i nyare tider på Island allt mera och mera närmat sig de Gamles renhet, enkelhet och smak, både i styl och rättskrifning” (s. 292). Allereie frå starten vert altså sogene trekte fram, språket i den eldste og beste litteraturen er det primære.

<sup>2</sup> Rask bruka ligaturen *æ* i staden for digrafen *aa*. Eigla = *Egils saga*, Gretla = *Grettis saga*.

Tilhøvet hans Rask til romantikken er motsetnadsfylt (Blom 2013). Han delte den romantiske entusiasmen for det gamle språket, men hadde samstundes ei vitskapleg haldning til det. Rask skreiv i 1812 at “besynnderligt er det hvorledes Studiet af de herlige Lævninger fra det gamle Norden overalt skal forenes med den lyssky Filosofi, hvorvel intet kan være i sin hele Natur mere stridende derimod end netop vore Fædres gamle Videnskabelighed” (sitert etter Blom 2013: 263). Han var romantisk i tilnærminga si til språket og trekte fram språket i den “klassiske” litteraturen som det kvalitativt beste, men var streng motstandar av diletantisk bruk av norrøne motiv og mytar i diktning og filosofi. Noko liknande er sagt om norske forskarar på 1840- og 1850-talet: Dei “var inspirert av drømmen om sagatidens storhet [...] I sitt granskingsarbeid kunne de likevel være realistiske nok” (Holm-Olsen 1981: 95).

Junggrammatikarane sist på 1800-talet la vekt på vitskapleg metode og førde ei sterkare historisk, i motsetjing til komparativ, orientering inn i språkvitskapen. Ei viktig side av innsatsen deira var skrivinga av historiske grammatikkar for einskildspråk, grammatikkar som hovudsakleg omfatta ljod- og formlære (fonologi og morfologi), dei områda der historisk-komparativ metode hadde nådd lengst (Morpurgo Davies 1998: 236–239). *Altisländische und altnorwegische Grammatik* av Adolf Noreen (1923) er eit godt døme på ein slik grammatikk, og likeins den tilsvarende *Altschwedische Grammatik* (1904). Den historiske orienteringa fekk språkforskarane til å søkja attende til det eldste språket som kunne dokumenterast (sjå § 5.4 om normeringa hans Noreen).

### 2.3 Arven frå 1800-talet

Dei klassiske referanseverka for norrønt, fyrst og fremst Noreen (1923), Fritzner (1886–1896) og Nygaard (1905),<sup>3</sup> var ein del av den historisk-komparative språkvitskapen på 1800-talet: Denne perioden “provided our basic knowledge about Nordic language history” (Rischel 2002: 133; jf. s. 142–147 om “The neogrammarian legacy”). Jamvel nyare arbeid byggjer mykje godt på data frå dei gamle handbøkene, sjølv om t.d. Kjartan G. Ottósson (1988: 142) átvarar mot å stø seg for mykje på framstillingar som “för det mesta [är] mycket gamla och föråldrade.” Inndelinga av bøyingsklassane etter dei urnordiske stammesuffiksa (i *ō*-stammene

<sup>3</sup> Faarlund (2004) er ei ny framstilling av norrøn syntaks i eit generativt rammeverk, men for skuld fjølda av døme er Nygaard framleis nyttig. Båe har den mangelen at dei byggjer på normaliserte utgåver, der syntaksen kan vera påverka av utgjevaren (sjå t.d. Haraldur Bernharðsson 2005: 189; Zeevaert 2014).

jamvel urgermansk) er slåande vitne om korleis grammatikkane voks fram or den tids historisk-komparative språkvitskap.

Desse referanseverka har gjeve oss eit fast haldepunkt i målsoga; “‘det gamla’ är givet, i arketypisk form, fixerat i en begränsad högmedeltida textkorpus med kanonisk status” (Wollin 2000: 45). Nordisk målsoge vert forstått som ei utvikling frå dette arkimediske punktet, skildra synkront, til dagens språkstode. Språkhistoria mellom desse to synkrone tilstandane vert forstått diakront. Det er då interessant å sjå kva slags språk, lokalisert i tid og rom, den norrøne norma representerer.

Eit problem med desse gamle sanningane som lever med oss, er at “every study of linguistic phenomena has been made from a certain perspective, and [...] this delimited the choice of criteria and the kinds of information which it was considered essential to take into consideration” (Rischel 2002: 144). Resultata av tidlegare språkforskning treng ikkje vera forelda. Men syntesane deira (i den grad dei dreiv det til syntesar, mykje av forskinga kan oppfattast som atomistisk – konsentrert om detaljar) må ein vera varsam med å nytta direkte, for dei er tufta på teoretiske føresetnader me ikkje lenger reknar som gyldige. Framstillingane i gamle handbøker kan vera “misleading if taken out of context and restated in a new theoretical framework, or if used uncritically by scholars who address diachronic issues from a quite different perspective” (s.st.). I denne innsikta ligg grunngevinga for historiografisk arbeid: Me må forstå kva føresetnader tidlegare forskarar arbeidde under, for å kunna nytta den kunnskapen dei vann fullt ut og bringa forskinga vidare med ny teoretisk ballast.

### 3 Norrønt, norsk og islandsk

Ei fyrste påpeiking av skilnader mellom gammalnorsk og islandsk finst i gjennomgangen av handskriftgrunnlaget for den såkalla Sorø-utgåva av *Konungs skuggsjá* (utgjeven av Hálfðan Einarsson i 1768), som Finnur Jónsson (1918: 36) kallar “[d]en første virkelige udgave”. I “Forberedelse” (s. XXV–LXX) deler Jón Eiríksson handskriftene i norske og islandske etter “Mund-Art”, og Jón meiner skilnadene ligg i “Orthographien” (s. XXIX). Han går så gjennom ymse språktrekk (s. XXIX–XXXIII) og har funne fram til mykje, sjølv om forståingsramma hans er moderne islandsk.

Nokre av dei viktigaste momenta Jón peikar på, er fylgjande:*a* før stå-



ande *u* (t.d. *allum*), men *o* for *ö* (t.d. *hogg* for *högg/högg*; disse punkta dreier seg om handsaminga av *u*-omljod); *a* for *e* i ord som *hverr*, *ø* for *æ* (lang vokal, t.d. *bøcr* ‘bøker’), *øy* for *ey*, manglande *h* i framljod (altså før *l, n, r*), men derimot *h* i overflod andre stader (døma er *gh* som skrivemåte for [ɣ] i t.d. *sorgh*). I all hovudsak er dette framleis gjeldande kunnskap, men Jón såg på det som ortografiske avvik frå islandsk; dei fonologiske skilnadene som låg til grunn, var ukjende på den tida (jf. Holm-Olsen 1984, som òg gjev fleire døme). Som vanleg til langt ut på 1800-talet skilde ikkje Jón godt mellom ljod og teikn, og når eg i det fylgjande stundom har fonemnotasjon medan skriftformer er i kursiv, er dette ei moderne tydeleggjering.

### 3.1 Rasmus Rask

Dei spede forsøka på islandsk grammatikkskriving før 1800 er omtala av Finnur Jónsson (1933: 3–20) som innleiing til utgåva hans av ein stutt grammatikk av Jón Magnússon (bror av handskriftsamleren Árni Magnússon). Den fyrste grammatikken i moderne forstand er *Vejledning til det Islandske eller gamle Nordiske Sprog* av Rasmus Rask (1811). Då “forandredes alt” (Finnur Jónsson 1933: 19), og frå Rask kan me fylgja ein samanhengande tradisjon framover. I tittelen ligg største mistaket hans, som er todelt: 1) han oppfatta nyislandsk som identisk med språket i dei gamle handskriftene, og 2) han meinte dette språket var det “gamle nordiske” og opphavet til moderne svensk, dansk og norsk.

Rask hadde lese Sorø-utgåva og kjende til det Jón Eiríksson hadde skrive om skilnader mellom norsk og islandsk der (Rask 1811: 238). I ein del “om Sprogarterne” sist i boka trekkjer han fram særtrekk ved “Den ældste og digteriske Sprogart” (s. 240–252), fylgt av ein bolck om “Det nyere Sprog” (s. 253–261). Han peikar på nokre trekk i det eldste språket som skil seg frå nyare islandsk, t.d. enkel vokal før *ng/nk* (utan den seinare diftongeringa) og *o* (i staden for *u*) i endingar, men ikkje i *-ur*, som i staden “sammentrækkes” til *r* (s. 241). Rask forstod aldri svarabhaktivokalen i islandsk; han ser at *-u-* i *-ur* må vera sekundær, men reknar med at uttalen har vore den same hjå “de Gamle” (s. 257). Han forstod heller aldri *u*-omljoden rett, som dette sitatet viser (s. 242): “Når man finder det samme Ord snart med o, snart med au, kan man være vis på, den rigtige Form er med ø.” Dei eldste handskriftene har ulik grafemisk attgjeving av omljodsvokalen, men for Rask var “den rigtige Form” nyislandsk *ö*.

Rask meinte at skilnadene mellom det gamle og det nye språket “for

det meste bestå i Retskrivning” (s. 243), men han er klår over at t.d. personendingane i konjunktiv er endra (s. 142–143, 248). Eit døme på det som står om endringar, er den svært forsiktige merknaden om monoftong før *ng/nk* i den svenske utgåva: “detta uttal [...] är kanhända det rätta och ursprungliga” (Rask 1818: 45). Trass i at han peikar på ei rekkje særkjenne for poesi og den eldste prosaen, er det lite refleksjon over språkendringar. Éin grunn til dette er fulla den manglande forståinga av fonologiske endringar; Rask tilla dei ulike grafema same ljodverdi i fornmålet som i nyislandsk, og såg til dømes aksent som teikn for diftong, ikkje lengd (t.d. i uttalen av *á*). Då var det berre i tilfelle av endra grafemisk representasjon han kunne sjå språkendringar.

I den svenske utgåva tok Rask med ein bolck om “Gamla uttalet” (1818: 33–42). Sjølv om han innser at moderne svensk og dansk uttale ligg nærare islandsk “skriftsätt”, står hovudtesen fast: den nyislandske uttalen er lik den gamle. Men han er “böjd att anse för mindra äkta” den islandske uttalen av *u*, *y*, *ý*, *au* og *ey* (s. 38). I ein bolck om “ljudskiften” (dvs. vokalvekslingar) er han òg (med tilvising til Ólafur Þórðarson hvítaskáld) inne på at *æ* kjem av *á* og *œ* av *ó*, men det er heilt knytt til skriftteikna og langt frå nokon klår teori om uttale (s. 42–43). Desse forsiktige merkna-dene vert klårare i Rask (1832), der han allereie i føreordet tek sjølvkritikk for at “den gamle og almennordiske Sprogform ikke er så tydelig adskilt fra den ny islandske, som den vel burde været” i *Anvisning* (1818). No skil han t.d. mellom *æ* og *œ*, og samstundes er “Isländskan” i tittelen bytt ut med “det gamle islandske sprog”. Eit døme på eldre former i 1832-grammatikken er paradigmet for *nakkevarr* (s. 46), som “måskje kan antages at være den ældste og retteste” forma; det yngre *nokkurr* er nemnt nedanfor.

I *Deutsche Grammatik* skriv Jacob Grimm (1822–37: I, 281) at han stort sett fylgjer Rask (1818) i handsaminga av “altnordisch”, men ikkje der “Rask sich allzu sehr an die heutige isländ. aussprache gekehrt zu haben scheint.” Grimm talar gjennomgåande om “dehnung” av vokalar, som han skriv med sirkumfleks til liks med lange vokalar i dei andre germanske måla, og meiner uttalen har vore lang, men sidan endra seg t.d. frå “*áa*” til “*áo*” e.l. (I, s. 285). Det fellesgermanske perspektivet gjorde det lett for Grimm å sjå ein del seinare utviklingar i islandsk, og han nemner t.d. skilnaden mellom *æ* og *œ*, som han forstår heilt rett som i-omljod av høvesvis /a:/ og /o:/ (I, s. 292–293, 300–301). Grimm skil dessutan mellom *e* (omljod av /a/) og *ë* (andre opphav) slik han gjer i gammalhøgtysk, og meiner at dei to vokalane “ohne zweifel” hadde ulik uttale (I, s. 281–283). Konráð Gíslason (1846: 13) tek dels opp dette skiljet

“fyrir fróðleiks sakir”, sjølv om han avviser at det har vore nokon skilnad i uttalen (s. 37). Han byggjer såleis vél mykje på nyislandsk, nett som Rask gjorde.

### 3.2 Klårare forståing

Konráð Gíslason var likevel “einn sá fyrsti sem gerði skýran greinarmun á forníslensku og nútímaíslensku sem tvennu ólíku” (Kristján Árnason 2005: 108). Det viktigaste arbeidet hans om eldre islandsk ljudutvikling er *Um frumparta íslenzkrar tungu í fornöld* (1846). Han viser stendig til kva “fornmenn” sa, og ser t.d. diftongeringa før *ng/nk* (s. 8–9), endringa *vá > vo* (s. 28; skrivemåten *â* i slike tilfelle (sjå § 4.2) vert avvist s. 36), og han greier godt ut om tilhøvet mellom *ð* og *d*, *t*, *þ* (s. 90–97). Han er litt vagt inne på u-omljud av /a:/ (s. 141), men sette dette heilt klårt fram seinare (Konráð Gíslason 1858: 10). Den ufullførde formlæra frå 1858 kan i det heile seiast å vera syntesen av dømesamlinga frå 1846. Men Konráð er påverka av nyislandsk uttale, t.d. i vuderinga av *é* (1846: 37–40) og uttalen av *g* (s. 89); og han oppgjev diftongisk uttale av lange vokalar i formlæra (1858: 4–5).

Ei anna viktig avhandling er Konráð Gíslason (1866), der han greier ut dei grunnleggjande endringane i kvantitetsomlegginga. Ho var uklår for Rask, som det går fram av utsegner som “Selvlyd foran en enkelt Medlyd er temmelig lang [...] for at tilkjendegive den korte Lyd, fordobles Medlydstegnet” (Rask 1832: 10). Men Konráð var ikkje den einaste som gjorde sitt for å berrleggja skilnadene mellom gammal- og nyislandsk. Det er særleg vokalane som har endra seg, som det allereie har kome fram ovanfor. Flom (1939) gjev ei særskild framstilling av forskingshistoria åt det norrøne vokalsystemet.

C.R. Unger gav i 1843 ut ei avhandling om kvantitetsskilnaden i norrønt. Artikkelen byggjer (påfallande) mykje på tredjeutgåva av Grimms *Deutsche grammatikk* (1840, berre om vokalisme), til dømes gjev dei nett dei same orda som døme på dei ymse vokalane. Men Unger viser klårare enn Grimm (1840: 486), med tilvising til *Fyrste grammatiske avhandling* (FGA), skaldekvad og jamføring med andre germanske språk, at skilnaden mellom stutte og lange vokalar i norrønt hovudsakleg var eit spørsmål om kvantitet, ikkje kvalitet. Innklemmt i ei endelaus oppramsing av ord og former er det ei rekkje merknader til norrøn fonologi; mange kan Unger ha frå Grimm, men han gjer òg sjølvstendige vurderingar. Unger forstå t.d. svarabhaktivokalen rett (s. 547), vil skriva brytingsproduktta med *j* sidan den fyrste vokalen “er bleven fuldkommen consonantisk”

(s. 552), forstår skilnaden mellom /æ:/ og /ø:/ (s. 553), og at /je/ er nýslandsk uttale av gammal /e:/ (s. 556). Merkeleg nok viser ikkje seinare avhandlingar til artikkelen, så han fekk ikkje den innverknaden han for-  
tente (jf. Flom 1939: 553).

K.J. Lyngby (1861) gjev eit heilskapleg bilete av det norrøne vokalsystemet som stort sett er gjeldande enno i dag. Han byggjer på nokre av dei eldste islandske handskriftene og ikkje minst FGA – som Rask hadde gjeve ut saman med *Snorraedda* i Stockholm i 1818, men ikkje tok konsekvensen av. Lyngby slår fast kvantitetsskilnaden og greier ut tilhøvet mellom dei ymse omljodsvokalane, irekna u-omljod av /a:/ som han etter FGA skriv *ó*, og skilnaden mellom *o* og *ø*.

Lyngby (1865) innfører inndeling av bøyingsklassane etter stamme-  
suffiks, som ledd i ei forklaring av skilnaden mellom u-stammar og rot-  
stammar (som *sunr* og *rót*).<sup>4</sup> Lyngby fylgde med i utviklinga av den historiske språkvitskapen og viser til August Schleichers den gongen ferske *Compendium der vergleichenden Grammatik der indogermanischen Sprachen* (1861–62), der han henta systemet med stammeinndeling (sjå oversynet over “Nominalstämme” hjå Schleicher 1861–62: 420–425; jf. s. 288–292 om rot- og stammesuffiks-prinsippet). Ved jamføring med sanskrit viste Lyngby samstundes at somme former i “oldnordisk” var eldre enn dei gotiske. Den komparative tilnærminga braut med dei som handsama norrønt primært ut frå tilhøva i moderne islandsk, og Konráð Gíslason protesterte mot dei delane av klassifiseringa hans Lyngby som han ikkje fann att i moderne islandsk (Ottosson 2002: 96).

Guðbrandur Vigfússon (1864: XXXIV–LII) tek i innleiinga til utgåva av *Eyrbyggja saga* opp både historisk utvikling i islandsk og norsk-islandske skilnader. Attåt dei vanlege trekka (*b*-, handsaminga av u-omljod) nemner han analogisk innsetjing av *v*- i fortid av nokre sterke verb, t.d. *vurðu* for *urðu* (av *verða*), som eit norsk drag (s. XXXVI), og han er klár over at norvagismar kom inn i islandske handskrifter på 1300-talet (s. XXXV). Guðbrandur er ikkje så nøyen med å oppgje kjelder og byggjer nok mykje på eiga forskning, men han kjende fulla dei utgjevne arbeida av Konráð og Lyngby. Trass i innsikta han viser, skriv han i føreordet (s. V) at “móðurmálið hefir aldri skipt litum né líkjum á Íslandi, en haldið fegrð sinni fullri fram á þenna dag”.

<sup>4</sup> Målsetjinga om å “bestemme, hvilke böjningsendelser der have udviklet sig simpelthen ad lydovergangens vej, og hvilke der skyldes indflydelse fra andre klasser” (Lyngby 1865: 21) peikar framover mot dei to hovudprinsippa åt junggrammatikarane: ljodlover og analogi.

### 3.3 Gammalnorsk

Munch (1846) gjorde det klart at islandsk ikkje var identisk med fellesnordisk (i nyare terminologi *urnordisk*), og understreka at svensk og dansk er utvikla frå eit sams nordisk språk eldre enn det norsk-islandske mellomalderspråket (Munch 1846: 276–277). Dette skilde seg frå synet hans Rask, og artikkelen syner òg elles at Munch var meir inspirert av Grimm, som han viser til. Munch nemner mellom anna lenging av vokal før *ng/nk* i nyare islandsk, men lenging før *l* + konsonant (dvs. framom *lf, lg, lk, lm, lp* og *ls*) i både islandsk og norsk (s. 237). Grimm (1822–37: I, 281, 286) hadde i jamføring med gotisk vist at *a* “wandelt sich in *â*” i desse stillingane, men tilhøvet mellom dei to utviklingane er uklårt hjå han (sjå merknader t.d. under *i* (s. 289) om at lenginga berre skjer framom *ng/nk*).

Dette synet vart teke med i grammatikken Munch gav ut i lag med Unger, der dei skriv i innleiinga at “et omhyggeligt comparativt Studium” gjorde det nausynt “fornemmelig i Lydlæren og Verbalflexionen, at afvige fra Rasks System, og derimod nærme os Grimms” (Munch og Unger 1847a: III). Men i mangt fortsette dei tradisjonen med å normera språket på islandsk grunn, t.d. med *h* framom *l, n* og *r*. Dei skil mellom *æ* og *œ*, men har *ö* som sams teikn for /*ø*/ og u-omljud av /*a*/, og skriv *ey* (sjølv om “den ældre [...] Udtale er *øi*”, s. 5). Den nyislandske tradisjonen er òg tydeleg når det heiter at dei lange vokalane kan sjåast “som et Slags Diphthonger” (s. 5). Lengdemarkering av vokalar vart delvis gjort utan å ta omsyn til seinare islandsk utvikling, t.d. har dei lang vokal før *l* + konsonant, men ikkje framom *ng/nk*. Denne normaliseringa vart sidan “arva” av Fritzner i ordboka (jf. Hødnebo 1977: 72–73), og bortsett frå at *ø* og *ø* seinare er skilde, representerer dette mykje godt status quo.

Noko meir omsyn til gammalnorsk tok Ivar Aasen (1854) i *En liden Læsebog i Gammel Norsk*. Han tilrår å bruka “den Udtale, som Ordene endnu have her i Landet, især i Fjeldbygderne og i det Vestenfjeldske” (s. 5); såleis står aksentane for “den lange eller lukte Lyd”, ikkje diftong, og *ö* vil han uttala som “det aabne o”. Det er få døme i leseboka, men *ö* for i-omljud av /*o*/ finst i alle fall i *sökker* (s. 27) og *nörðra* (s. 29), medan *ø* alltid står for lang vokal (skild frå *æ*). Dette er same system som Munch og Unger, bortsett frå valet av *ø* i staden for *œ*. Aasen skriv *øy* (nokre døme på *öy*, men aldri *ey*) og har stutt vokal i ord som *tolf, sjalfr* og *hjalp*; her er nok dette norske trekk, ikkje etymologiske skrivemåtar. Men han skriv *hl-, hn-, hr-* etter islandsk skikk.

Gammalnorsk ordboksverk utvikla seinare ei eiga norm for gammal-

norsk (Hødnebø 1977).<sup>5</sup> Denne norma skil seg frå den vanlege normaliseringa hovudsakleg på desse punkta: handsaminga av u-omljud (*á* både for /a:/ og omljodsproduktet /ɔ:/, men omljud av /a/ er skrive *o*, ikkje *ø*), ingen *h* framom *l*, *n*, *r*; *øy* i staden for *ey* og *i* for halv vokalen /j/. Det siste er i tråd med både norske og islandske handskrifter og har ikkje med språklege skilje å gjera. Ordboksverket viser i retningslinene sine til Holtsmark (1955), som fylgjer dei nemnde punkta og dessutan har vokalharmonisk fordeling av endingsvokalane *i/e* og *u/o*, men elles har ikkje norma vore mykje nytta. Ein del tekstar frå Gammalnorsk ordboksverk er digitaliserte av *Medieval Nordic Text Archive* (Menota), og der fylgjer lemmanormaliseringa denne norma (men den løpande teksten er ikkje normalisert).

### 3.4 Kodifisering

Språkvitskapen vann altså fram til klårare forståing av geografiske og diakrone skilje innanfor det ein kan kalla norrønt. Munch (1846: 270–271) set i samband med ein diskusjon av gammalsvensk og gammaldansk fram eit program for arbeid med eldre språk (jf. om utgåver i § 4.6): Frå diplomatriske utgåver av “Hovedmanuskripterne” kan ein trekkja ut reglar og setja opp ein “Normalorthographi”; i handutgåver bør ein så bruka “en consequent Orthographi, abstraheret fra hvad der er fælles for de bedste Haandskrifter, og berigtiget ved etymologiske Hensyn.” Og det er nok dei etymologiske omsyna som gjer at Munch og Unger (1847a), trass i “oldnorsk” i tittelen, held seg til ei islandsk rettskriving.

Ordboka hans Eiríkur Jónsson (1863) tek nokre omsyn til den nyvunne forståinga av seinare islandske utviklingar, og somt vart teke inn i tekstutgåver (sjå nedanfor). Eit slikt etymologisk skilje er mellom opphavleg /æ:/ og /ø:/, skrivne høvesvis *æ* og *œ*. Eiríkur nyttar båe teikna (med tilvising til Konráð Gíslason 1846), men alfabetiserer dei i lag som ei mellomløyising. Teikna *æ* og *œ* er nokså like, og særleg i skrifttypar der *æ* ser ut som *æ* i kursiv, vert typen lett blanda saman med *œ*. Det kan faktisk ha vore eit argument for *œ*: Teikna er så like at dei ikkje er til bry for dei som er vane med nysislandsk rettskriving, og der er ingen aksent som i andre lange vokalar – “clearly a concession to modern Icelandic usage” (Haugen 1968: 74).

Adolf Noreen gjer i innleiinga til fyrsteutgåva av grammatikken (1884) klårt greie for tilnærminga si til geografisk og diakron variasjon: “Ich

<sup>5</sup> Eit dokument frå ordboksverket om m.a. normalisering, dagsett juni 1982, er 9. september 2014 tilgjengeleg på <http://folk.uib.no/hnooh/normalisering/>.

habe also den versuch gemacht, sowol den lautentwicklungen ihr rechtes sprachgebiet als entweder urnordisch, altisländisch oder altnorwegisch anzuweisen, als auch innerhalb jedes der genannten sprachkreise das gegenseitige chronologische verhältnis der erscheinungen, soweit möglich, festzustellen.” Ei oppsummering av skilnader, både mellom aust- og vestnordisk og mellom norsk og islandsk, finst i §§ 8–9.

Denne sida av grammatikken vart utvida i seinare utgåver, mellom anna med mange tilvisingar til gammal- og mellomnorske former, i stor grad tekne frå arbeida hans Marius Hægstad om gammalnorske dialektar. Men sjølv om Noreen tok inn desse opplysningane (særleg i 4. utg., 1923), heldt han seg til ei normalisering som bygde på islandsk; såleis heiter det i føreordet til tredjeutgåva (1903) at dersom anna ikkje er sagt, er oppgjevne former både islandske og norske, “obwol sie nur in ihrem altisländischen gewand auftritt”.

### 3.5 Namnet på språket

Kva namn ein set på språket, seier både noko om forståinga av det som historisk objekt, og om tilhøvet til det i samtida. Namnet på det gamle språket har stundom vore eit nasjonalt spørsmål. Dei svenske utgåvene på 1600-talet kalla språket “det gamle götiske” eller “lingua sveo-gothica” (Finnur Jónsson 1918: 32). Rask forklarar desse svenske nemningane med at “de så gjerne ville tilegne sig det gamle Sprog” (Rask 1811: VII). Sjølv kalla Rask det som nemnt ganske enkelt “islandsk” eller “nordiske fornspråket”, som i augo hans var det same.

I Noreg kunne ikkje “islandsk” brukast av nasjonale grunnar, og jam-sides forsøk på å kalla språket “norsk” (t.d. Fritzner 1886–1896), bruka Munch og Unger (1847a) “norrønasproget”, eit namn som sidan har fått godt feste i Norden og er parallelt med bruken av “Old Norse” på engelsk. Meir av ei tilsniking er utgåva av *Alexanders saga* (Unger 1848), med undertittelen “norsk bearbeidelse fra trettende aarhundrede af Philip Gautiers latinske digt Alexandreis”. Som Haugen (1994: 144) har peika på, var omsetjinga gjord av ein islending (rett nok på oppdrag frå kong Magnus Lagabøte), og handskriftene er islandske. I serien *Vestnorske målføre fyre 1350* (1906–1942) av Marius Hægstad tek to av banda føre seg færøysk og islandsk – som altså vert rekna for “vestnorske målføre”. Som eit historisk ekko har hovudredaktørane for den nye *Norske språk-historie* fastsett at den etablerte norrøne norma skal fylgjast, med sine islandske særtrekk, men språket skal likevel kallast “gammalnorsk” – heilt i ånda frå 1800-talet.

“Det norske syn falt Oldskriftselskabet [sjå § 4.2] tungt for brystet” (Hødnebo 1977: 73), og i fortalen til *Oldnordisk Ordbog* (Erik Jonsson 1863) forsvara selskapet valet av “oldnordisk”. Eit seinare innlegg i debatten av Jóhannes L.L. Jóhannsson (1929) går hardt ut mot den norske freistnaden på å krevja eigarskap til den sams, og for ein stor del sær-islandske, litterære arven. Jóhannes meiner oppdelinga i aust- og vest-nordisk er ein del av denne freistnaden (jf. § 2), og er sjølv godt nøgd med å kalla det gamle målet “oldnordisk” eller “fornnorðræna” (tysk “alt-nordisch”). Derimot vil han ikkje nytta “forníslenzku (altisländisch)” som nemning, for “þá væri sem tungan hefði svo breytt, að þá sé eigi lengur að tala um sama málið [...] það eru Íslendingar einir, sem enn í dag varðveita þenna sameiginlega fornaldardýrgrip norðræna þjóða, með því að skilja, tala og rita þessa tungu áfram, því nær óumbreyta” (Jóhannes L.L. Jóhannsson 1929: 143). I kritikken av éi nasjonalistisk stemme fylgjer han i staden ei anna, som legg vekt på den historiske einskapen i islandsk.

## 4 Tekstutgåver og tekstutgjeving

Det er lettskjønande at ulike brukargrupper ynskjer ulike utgåver, og hovudsakleg kan dette skiljast etter om lesarane er interesserte i *innhaldet* (ålmenne lesarar, historikarar, litteraturforskarar) eller *forma* (språkforskarar, paleografar). Forskjellige slag tekstutgåver og gradar av normalisering kan sorterast etter korleis teksten er gjeven ut (tekstreproduksjon) og kva tekstgrunnlag utgåva byggjer på (tekstseleksjon) (Haugen 1995). Odd Einar Haugen (1995 og seinare arbeid) deler tekstreproduksjonen inn i tre nivå, ein praksis som er fylgd av Menota:

1. **faksimilært:** så nær handskriftet som det er råd å koma, i grafinventar, avstyttingar, teiknsetjing, ord- og linedeling m.m.
2. **diplomatarisk:** avstyttingar er oppløyste, men markerte (kursiv); ulike, ikkje tydingsskiljande grafem er slegne saman.
3. **normalisert:** til ei intern norm (språksteget åt skrivaren) eller til ei ekstern (norrønt eller nyislandsk).

Det er glidande overgangar mellom nivåa, og Haugen (1995) har to ulike gradar av diplomatarisk og normalisert tekst. Guðvarður Már Gunnlaugsson (2003) byggjer på Haugen, men gjer ei endå meir finmaska inndeling, og baa to gjev døme på ein tekst i ulike reproduksjonsgradar. I vår



samanheng er det språkforma i dei normaliserte utgåvene som er interessant, og Guðvarður Már (2003: 204) gjer her eit nyttig skilje mellom normalisering til språkforma åt skrivaren ( gjerne kalla “tekstintern normalisering”) eller til ei ekstern norm, som kan vera anten “norrønt” eller nyislandsk. Me held oss her til det fyrste, men Haraldur Bernharðsson (2005) drøftar utgåver med nyislandsk rettskriving og peikar på at dei ikkje berre normaliserer rettskrivinga, men òg endrar både morfologi (ord byter bøyingsklasse, endra personendingar i verb) og syntaks (innsetjing av pronomen), slik det i røynda ikkje er snakk om “samræmd nútímastafsetning”, men “samræmt nútímamál”.

Ein kan skilja mellom utgåver etter eitt tekstvitne (handskrift) og kritiske utgåver baserte på fleire tekstvitne; dei kan kallast høvesvis monotypiske og syntetiske utgåver (Haugen 1995: 81–91). Her skal ikkje sjølv edisjonsfilologien oppta oss, men kva språkform som vert vald for dei ulike utgåvene. For i alle utgåver, så nær som faksimilær, må utgjevaren gjera språklege val. Ein tekstkritisk tradisjon som legg vekt på rekonstruksjon av ein “urtekst”, vil truleg vera positiv til å gjera det same med språket: føra det attende til den “opphavlege” forma (jf. § 2.1). I syntetiske utgåver med lesemåtar frå fleire handskrifter er dessutan språkleg normalisering einaste måten å unngå “eit språkleg lappeteppe” (Haugen 1995: 91), og dei er difor særleg interessante i vår samanheng. Monotypiske utgåver ligg derimot betre til rettes for tekstintern normalisering, og dette er til dømes gjort i utgåver av eddadikta, som stort sett berre er overleverte i Codex Regius (GKS 2365 4<sup>to</sup>).

#### 4.1 Utgjevingsssoge

Finnur Jónsson (1918) skildrar den eldre norrønfilologien, medan Haugen (2013) er eit oppdatert oversyn; sjå dessutan meir utførleg, men berre om norske utgåver, Haugen (1994). Den fyrste trykte norrøne tekst var utgåva hans Olof Verelius av *Gautreks saga* i Sverige i 1664, og fleire andre fylgde dei neste åra. Men Finnur Jónsson (1918: 30) feller ein hard dom over arbeidet: “Hvad der karakteriserer [disse udgaver] er fuldstændig mangel på tekstkritik; som oftest er der kun ét håndskr. benyttet – af naturlige grunde – og da en unøjagtig afskrift med yngre islandsk rettskrivning.” I Danmark gav P.H. Resen ut *Snorraedda* i 1665, og same år *Völuspá* og *Hávamál*, men meir vart ikkje gjort i Danmark dét hundreåret. Dei fyrste islandske utgåvene stod skálholtbispenn Þórður Þorláksson for i 1688. Desse utgåvene vart til på same vis som dei svenske: utan tekstkritikk og etter det handskriftet som var for handa. Slik var situasjo-

nen lenge. Enno i 1817 kritiserte Rasmus Rask kjennskapet til det gamle språket og i det heile nivået på tekstkritikken i Sverige i ei melding av ei utgåve av *Jomsvikinga saga* (Blom 2013: 267).

## 4.2 Oldskriftselskabet

Finnur Jónsson (1918) set eit skilje ved 1825: Då vart Det kongelige nordiske Oldskriftselskab oppretta med C.C. Rafn som drivande kraft og Rasmus Rask som fyrste formann. Selskapet sette straks i gang med å gje ut serien *Fornmanna sögur* (kongesoger), og utgåvene vekte mykje åtgåum, jamvel om Finnur (1918: 43) meiner dei var “meget mangelfulde i kritisk henseende”. Tekstane vart normaliserte, om ikkje heilt fylgjestrengt, i hovudsak etter ideane hans Rask: “Der er således ingen tvivl om at retskrivningen i Oldskriftselskabets udgaver først og fremmest skyldes Rask” (Jakob Benediktsson 1979: 12). Rask utvikla tankane sine om rettskriving over noko tid, men ikring 1817 var det meste på plass, går det fram av breva hans (s.st.). Jamvel om fyrste bandet av *Fornmanna sögur* (1825) fylgjer eit hovudhandskrift (AM 61 fol.), “er þó víða breytt hennar stafasetningu” (s. 15). Innleiinga gjer stutt greie for nokre få punkt (s. 15–16), men det meste må ein sjå av teksten sjølv. Særleg streng er ikkje normaliseringa, t.d. ymsar *u* og *o* mykje i endingane etter handskriftgrunnlaget, sjølv om dette er det enklaste å normalisera. Reint ortografisk normalisering er *k* for både *c* og *ch* i handskriftene, og gjennomført skilje mellom vokalane *i*, *u* og halvokalane *j*, *v*. Det er skilt etymologisk mellom *i* og *y*, men vanlegvis skrive *æ* og *ö* etter nýislandsk mønster. Aksentteikn er gjennomgåande bruka. Utgåvene har *t/k* der islandsk seinare har fått *ð/g*, men dette er somtid vorte hyperkorrigert, t.d. *-nat* for *-nað* og verbendinga *-t* i andre person fleirtal, som i grammatikkane hans Rask.

Som Rask talde til, er det skrive *â* for eldre */a:/* som no er uttala */o/* i islandsk (t.d. *vân* og *hânnum*), og *è* og *ì* der uttalen i islandsk no er */je/* og */ji/* (t.d. nom. *vili*). Sidan dette er stigande diftongar, i motsetnad til *á* som er ein fallande diftong i nýislandsk, er det på sett og vis logisk med motsett aksentteikn. I bolken om uttale i *Anvisning* argumenterer Rask dessutan med at *â* og *è* “på en gång kunna uttrycka dess ursprungliga och dess nyare lindrigare uttal” (Rask 1818: 8–9; jf. s. 18–20 om *ì*, som derimot ikkje er nytta i 1832-grammatikken). Dette heng saman med synet på nýislandsk rettskriving (sjå § 5.1).

Men utgåvene vart framleis kritiserte. Unger (1843: 539) skriv at det er døme “i Mængde paa hver Side i en trykt Saga” på at eit ord har “et andet Udseende end det har i Codex” – og slik må det jo verta i normaliserte utgåver. Særleg er det samanblanding av *i* og *y* han siktar til, jf. note om

dette s. 557: “Udgaverne kan man ikke stole det allerringeste paa.” Han spesifiserer ikkje alltid kva utgåver han siktar til, men nemner utgåver frå Oldskriftselskabet. Ei noko vaklande normalisering basert på nyislandsk kunne vel gje former som skilde seg frå handskriftene. Utsegna hans Unger viser såleis ei forventning om at utgåvene skal gjenskapa ortografien i handskriftene.

### 4.3 Norske utgåver

Nordmenn kom i gang med utgjeving av norrøne tekstar frå 1840-åra, og særleg C.R. Unger var ein aktiv utgjevar. Det ymsar noko mellom utgåvene kor store inngrep som vart gjorde i rettskrivinga, men stort sett er utgåvene bokstavrette (Holm-Olsen 1981: 98). Utgåvene av *Fagrskinna* (1847; jf. § 2.1) og *Konungs skuggsjá* (1848) er derimot normalisert til norrønt med klåre islandske drag, altså etter ei ekstern norm, medan utgåva av *Barlaams ok Josaphats saga* (Keyser og Unger 1851) gjennomfører den gammalnorske språkforma i hovudhandskriftet og fylgjer ei tekstintern norm. Dette er gjort jamvel om delar av teksten måtte hentast frå islandske handskrifter og éi side dessutan omsetjast frå latin til gammalnorsk (Keyser og Unger 1851: XXII–XXIII; jf. Haugen 1994: 155).

Dei fleste utgåvene av Unger var altså bokstavrette, og “[t]il Lettelse for dem, der ei ere vante ved Haandskrifternes i enkelte Punkter vaklende Retskrivning” kommenterer han i innleiinga åt *Alexanders saga* dei “viktigste Egenheder” i hovudhandskriftet, t.d. vakling mellom æ og æ og varierende attgjeving av u-omljoden (Unger 1848: IX–XII). Der han må skifta førelegg på grunn av ein lakune, skiftar han òg språkform. Men skrivefeil er retta opp og utelatingar supplerte, medan oppløyste avstytingar ikkje er markerte, så utgåva er ikkje strengt diplomatarisk. Det kritiske apparatet er dessutan sett attarst, ikkje nedst på kvar side, og såleis meir unnagøymt enn vanleg.

Med Gustav Storm sist i hundreåret vart ein strengare diplomatarisk tradisjon innleidd, og han har halde seg i Noreg sidan (Haugen 1994: 154). Det skal likevel nemnast at ordlistene/registera som gjerne fylgde med utgåvene på 1840- og 1850-talet, var normaliserte.

### 4.4 Tekstkritikk og vitskaplege utgåver

Frå ikring midt på 1800-talet slo moderne tekstkritikk gjennom i norrønfilologien. Eldre utgåver hadde òg drøfta handskriftgrunnlaget, men no vart dette gjort grundigare og gjerne framstilt i eit stemma (Haugen 2013: 18). Utgåvene byggjer likevel på eitt utvalt handskrift, men med lesemå-

tar og rettingar frå andre. Finnur Jónsson, ein av dei mest produktive utgjevarane i norrønfilologien, meinte at denne arbeidsmåten ville gjera teksten “sem upphaflegastur” (1931: 14). Finnur ville ikkje markera oppløyste avstytingar, men normalisera teksten og heller gjera greie for rettskrivinga i innleiinga. Men unntak kan gjerast dersom eit handskrift er “gott og gamalt”, som Homilieboka (jf. § 5.3), som bør gjevast ut “með sem mestri nákvæmni” (s. 15).

P.G. Thorsen og Konráð Gíslason gav ut ei syntetisk utgåve av *Hrafnkels saga Freysgoða* (1839) der dei jamførde alle handskriftene og valde “hvad vi kunde dømme at være det rigtigste, bedste og mest ægte” (s. 25). Denne arbeidsmåten vart ikkje mønsterdannande, men utgåva hans Konráð av *Njála* (1875) er av same slag. Språket i *Hrafnkels saga* er normalisert; utgjevarane prøvde å gje “en Sprogform, der nogenlunde kunde svare til den Standpunkt, hvorpå Forskningen af Sproget befunder sig” (s. 26). Dette kan ein jamføra med prinsippet Munch og Unger fylgde i *Fagrskinna* nokre år seinare.

Guðbrandur Vigfússon var ein aktiv utgjevar midt på 1800-talet (sjå Finnur Jónsson 1918: 48–49). I ei grundig innleiing til *Eyrbyggja saga* (1864, utgjeven saman med tyskaren Theodor Möbius) greier han ut om språkendingar (sjå § 3.2) og kjem somtid inn på kva språklege val som er gjorde i utgåva. Sidan ei av hovudkjeldene er eit handskrift med mange norske drag (*Vatnsbyrna*), er det ofte snakk om å føra språkforma attende til det “echt isländische” (s. XXXVI). Det er interessant at han skriv *ang/eng/löng* utan den seinare diftongeringa, men derimot *úng/íng/ýng*, der aksenten “verstösst [...] gegen keinerlei Lautregel” (s. XLI–XLII). I samband med bruken av *ð* nemner han at å skriva *kð/pð* i substantiv som *spekð* og fortidsformer som *gleyppði* (i samsvar med eitt av handskriftene) “schien uns indessen zu alterthümlich” (s. XL). Trass i at han greier grundig ut om endinga i mediopassiv, vel han den nokså moderne forma *-st* (s. XL), men *-sk* i kvada. Utgåva tek nemleg omsyn til at språket i kvada er eldre (s. XLVI–L), slik det òg har vore vanleg seinare (jf. § 4.5). Vanlege døme er *vesa* og bøyingsformene *es, vas for vera*, og enklitisk pronomen og relativpartikkel (*skalk* for *skal ek*, *þars* for *þar es* o.l.). Innleiinga viser tidt til vanleg praksis i utgáver, og Guðbrandur veg tydelegvis praksis mot det han meiner er språkhistorisk rett. Her kan ein leggja til at i ordboka (Cleasby og Gudbrand Vigfusson 1869) har ingen vokalar før *ng/nk* aksent, altså ei strengare etymologisk normalisering som òg er vorten nýslandsk praksis.

Den tyske serien *Altnordische Saga-Bibliothek* (1892–1929) gav ut syntetiske utgáver. Der er ikkje variantapparat, men merknader til realia

og språk, og utgåvene er fullt normaliserte. Normaliseringa tek omsyn til alderen på verket – ikkje handskriftene – og er såleis nokså arkaisk i utgåvene av *Íslendingabók* (1892) og *Ágrip* (1929), og ålment i skaldekvad (t.d. berre *þ*, ikkje *ð*), medan hovudteksten i sogeutgåvene fylgjer ei klassisk norrøn norm, t.d. med skilje *æ/œ* og *ø/ø*. Normaliseringa kan likevel synast noko inkonsekvent, når ein t.d. i *Gísla saga* (1903) finn svært gamle former som *hón* og *hánnum* jamsides mediopassiv -z og lengd vokal før *l* + konsonant (t.d. *hólmr*). *Egils saga* (1924) i same serie har i staden *hon* og *honum*, jamvel om båe sogene er gjevne ut av Finnur Jónsson.

#### 4.5 Íslenzk fornrit

Dei mest nytta utgåvene i dag er *Íslenzk fornrit*-serien, som kom med fyrste band (*Egils saga*) i 1933. Der heiter det i innleiinga at “stafsetning er hér samræmd á svipaðan hátt og lengi hefur tíðkapt í þeim útgáfum, sem eru ekki prentaðar stafrétt eftir handritunum” (Sigurður Nordal 1933: XCIX). Men det er likevel teke omsyn til hovudhandskriftet (*Möðruvallabók*, AM 132 fol.) somstad, slik at ein finn veksling *Fiðr* ~ *Finnr*, *Reykja(r)dalr* o.l. Skaldekvada har ei meir arkaisk språkform enn utgåva elles (t.d. markert u-omljod av /a:/ og *es* for *er*): “Er í því efni farið eftir sömu reglum og í Den norsk-islandske Skjaldedigtning” (s. CI).

I innleiinga til *Biskupa sögur II* er Ásdís Egilsdóttir inne på vanskane med å elda språket i yngre handskrifter til 1200-talsnorma, og viser då til Larsson (1891) som rettesnor – “enda hefur það löngum verið gert í Íslenzkum fornritum” (Ásdís Egilsdóttir 2002: CXXXIV). Larsson normaliserer i sin tur “åfter det älst a skrivsätt som allmänt förekommer” (Larsson 1891: II; sperra skrift i originalen). I den teksten som har eldste handskriftgrunnlaget, lèt Ásdís t.d. *nekkverr* og *umb* stå (for yngre *nokkurr* og *um*), medan tekstar som truleg er skrivne på 1300-talet, får *æ* og *ö* etter nyislandsk skikk “eins og venja er að gera í Íslenzkum fornritum verðandi þau rit sem talin eru samin um 1300 eða á 14. öld” (Ásdís Egilsdóttir 2002: CXXXV; jf. innleiingane i ÍF XIII, XIV og XVII, som Ásdís viser til).

Unge tekstar i serien kan òg få mediopassiv -st i staden for den eldre -sk. Omvendt får *Íslendingabók* (ÍF I) ei svært alderdommeleg språkform, jamvel om nokre gamle former er fjerna; utgåva har t.d. *ð* i inn- og utljod (ikkje *þ*), *i* og *u* som endingsvokalar, og *á*, ikkje *ǫ*. Trass i at *Íslenzk fornrit* fylgjer ei nokså streng normalisering, tek altså utgåvene noko omsyn til handskriftgrunnlaget. Som i *Altnordische Saga-Bibliothek* er det den trulege alderen på verket som er avgjerande, ikkje handskriftene utgåva byggjer på og språkforma i dei.

## 4.6 Språkvitskapleg kritikk

For historisk språkvitskap er det overlag viktig med noggranne, diplomatariske utgåver. Finnur Jónsson (1931: 9–13) gjev mange døme på ymse slag lesefeil i vanlege utgåver, og det gjev naturlegvis utrygt grunnlag for språklege studiar, medan normaliserte utgåver skjular den variasjonen språkforskaren gjerne er interessert i.

Konráð Gíslason (1846: II) peikar på at det trengst to slag utgåver: faksimilære (“svo að blaðsíða svaraði blaðsíðu, lína línu, orð orði, stafur staf, band bandi, púunktur púnkti, og allt eptir því”) for språklege studiar, og dinst utgåver for álmenta som er normaliserte til målet “á þeim stað og tíma, er hver bók hefur verið rituð” – altså tekstintern normalisering (jf. Guðvarður Már Gunnlaugsson 2003: 218). I ei over hundre sider lang innleiing til *Frumparta* (1846) er ei rekkje gamle islandske tekstar trykte bokstavrett, og saman med den syntetiske og normaliserte utgåva av *Hrafnkels saga* kan ein seia at Konráð levde slik han lærde. P.A. Munch hadde liknande tankar, som det går fram av sitatet i § 3.4, og i 1849 uttrykte han eit ynske om “bogstavtro” utgåver for forskarane, “medens jeg selv eller mine Venner paa Spadseretoure kunde stikke smaa stereotyperede Duodezudgaver af den kritisk bearbejdede Text i Lommen” (sitert etter Haugen 1994: 149).

Noreen klagar i føreordet til grammatikken over at utforskinga av dialektar og historisk utvikling innanfor det norrøne språkområdet enno var i startfasen, og alvorleg hindra av mangelen på “genauen (d.h. nicht durch die gewöhnliche normalisierung unbrauchbar gemachten) textausgaben” (1884: VI). Dette betra seg ikkje på alle område, og enno i siste utgåve kalla han praksisen med *e/æ* og *ø/œ* for høvesvis stutt og lang */æ/* og */ø/* “sehr unzuweckmässig” (Noreen 1923: § 30–31). Det har kome til fleire diplomatariske utgåver sidan hans tid, og stendig fleire slike tekstar vert tilgjengelege i søkbar form på nett. Dette kan utnyttast meir i språkhistoriske undersøkingar enn det som har vore tilfelle så langt.

## 5 Ei norm vert til

Det kan vera på sin plass å spørja kvifor ein skal normalisera i det heile. Skrivarane i mellomalderen fylgde i mangt sin eigen tillærde ortografi; jamvel når dei skreiv av førelegg ord for ord, kunne det einskilde ordet få ei ny form. Denne praksisen varde så lenge handskriftene vart overle-

verte i ein levande tradisjon; fyrst ved den vitskaplege handsaminga av dei og utgjevinga av trykte utgåver vart normalisering eit poeng. Jón Helgason peika på at utgåver med nyislandsk rettskriving berre fylgjer denne gamle tradisjonen (Guðvarður Már Gunnlaugsson 2003: 216).

Fleire av dei som gav ut lesebøker til undervisningsfremål på 1800-talet, grunnjev normaliseringa i utgåvene sine pedagogisk. Ludvig Wimmer viser til dømes jamleg til “pædagogiske grunde”, omsyn til “disciplen” og “de praktiske hensyn til skolernes tarv” i leseboka si. I språkvitskaplege arbeid som grammatikkar og ordbøker er normalisering naudsynt. Ordbokredaktøren kan velja å oppgje variantar – *Ordbok öfver svenska medeltidsspråket* av K.F. Söderwall har til dømes mange slike – men éi form må vera oppslagsform. Grammatikkar må likeins velja ei form i paradigma og døme, jamvel om det er mogleg å visa til variantar. Noreen er eit godt døme på dét: Han normaliserer i fyrste omgang til ei klassisk (eller snarare arkaisk) språkform, og gjev yngre og/eller norske variantar i fotnotar.

Guðvarður Már Gunnlaugsson (2003: 225) føreslår kva slag utgåver ymse brukargrupper treng. Han meiner at det berre er språkvitarar, jamvel berre dei som studerer fonologi, morfologi eller leksikon, som treng diplomatariske utgåver; paleografar må uansett ha faksimil, medan andre er best hjelpte med normaliserte utgåver. Det er ofte hevda at normaliserte utgåver er gode nok for studiar av leksikon, syntaks og stil (t.d. Rischel 2002: 141–142), men sjølv her er det openberre problem, fordi syntaksen òg kan verta endra (sjå t.d. Haraldur Bernharðsson 2005: 189; jf. § 4 ovanfor).

For dei som “berre” er interesserte i teksten *qua* tekst, kan normaliserte utgåver høva best. Guðvarður Már meiner at diplomatariske utgåver (der grafem utan fonologisk tyding er slegne saman) med avstytingar oppløyste i kursiv kan vera eit brukbart kompromiss. Men dette er samstundes ei løysing som ikkje er optimal for nokon, og Haugen (1994: 154) meiner at den norske “diplomatariske utgjevingstradisjonen har vore ei god løysing for språkhistorikarane, men ei mindre god løysing for litteraturhistorikarane og allmennhistorikarane.” Med digitale utgåver er det no vorte mogleg å gje ut same tekst med fleire ulike normaliseringsnivå, slik Menota legg opp til, og me kan difor sjå fram til (digitale) utgåver som tilgodeser alle. Eit fyrste døme på dette er *Alexanders saga* (etter AM 519 a 4<sup>to</sup>), utgjeve av Andrea de Leeuw van Weenen, som er tilgjengeleg i Menota-arkivet.

## 5.1 Nyislandsk rettskriving

Det er uråd å sjå utviklinga av normalisert norrønt lausrive frå moderne islandsk rettskriving, og her skal difor gjerast greie for hovuddraga i utviklinga av henne. Eit skrivemiljø kan nok utvikla rettskrivingsnormer for handskrivne tekstar, men ein verkeleg fast ortografi kjem gjerne som fylgje av prentekunsten. Den fyrste prenta boka på islandsk, *Nýja testamenti* hans Oddur Gottskálfsson (1540), fylgde tradisjonen i handskriftene, t.d. med avstyttingar og avstyttingsteikn, og slik handskriftprega skrivemåte var vanleg fram til slutten av 1700-talet (Jón Aðalsteinn Jónsson 1959: 71–74).

Ei historiserande og puristisk stemne i rettskrivinga, med skrivemåtane i dei gamle handskriftene som ideal, har lang tradisjon i islandsk, og særleg Árni Magnússon var ein tidleg målsmann for dette. I 1762 la Eggert Ólafsson fram tankar om rettskriving som vart mykje fylgde; skriftet hans vart aldri trykt, men sirkulerte i avskrifter og påverka mange (Kjartan G. Ottósson 1990: 38–41). Eggert tok mellom anna opp aksenteikna over opphavleg lange vokalar, som i dei eldste handskriftene, og innførde nokre etymologiserande skrivemåtar (Jón Aðalsteinn Jónsson 1959: 76). Teiknet ð vart òg atterinnført, fyrste gong på prent i *Syntagma de Baptismo* av Jón Ólafsson (Svefneyingur) i 1770, så i utgåva hans Ólafur Olavius av *Njála* (1772), men vart ikkje vanleg før antikva erstatta frakturen tidleg på 1800-talet (Guðbrandur Vigfússon 1864: XXXIX).<sup>6</sup> Truleg spela praktiske omsyn inn; ð vart teke med når det uansett skulle støypast nye typar for antikva.

Rasmus Rask fekk mykje å seia i dette òg, som i mangt anna; han hadde “mikil áhrif á allt menntalíf hér á landi á fyrstu áratugum 19. aldar” (Jón Aðalsteinn Jónsson 1959: 77). Som formann i Hið íslenzka bókmenntafélag frá 1827 fekk han snart gjennomslag for tankane sine om rettskriving i tidsskriftet *Skírnir*, t.d. innføring av ð (Jakob Benediktsson 1979: 13). I 1830 gav Rask ut leseboka *Lestrarkver handa heldri manna börnum*, med ei rettskriving “sem segja má að séu grundvöllurinn að íslenskri nútímastafsetningu” (Kristján Árnason 2005: 108). Denne rettskrivinga var etymologiserande, m.a. med skilje mellom *i* og *y*, ending *-r* heller enn *-ur* og *è* (merk aksenten) for eldre /e/ – moment som finst att i utgåvene Rask hadde ei hand med. Medan Rask “miðaði sína stafsetningu við uppruna” (Jón Aðalsteinn Jónsson 1959: 80), ynskte tidsskriftet *Fjölur* ei meir talemálsnær rettskriving. Programmet vart sett klårt

<sup>6</sup> Det er ikkje rett, som Jón Aðalsteinn Jónsson (1959: 77) hevdar, at *Njála* var fyrste prenta bok med ð. Båe bøkene finst på nett for sjølvsyn.



fram i ein artikkel av Konráð Gíslason der det heitte at det er “eínkaregla stafsetningarinnar; og er það framburðurinn” (1836: 16). Av dei mest radikale forslaga var oppgjeving av skiljet mellom *i* og *y*.

Seinare la Konráð fram ei rettskriving som var mykje meir etymologiserande; dette høver med at han han såg til fornålet i målreinsingsarbeidet sitt (Kjartan G. Ottósson 1990: særleg 70–71). Rettskrivinga hans vart popularisert av overlærer Halldór Kr. Friðriksson og kjend som *skólastafsetningin*. Ho skilde seg noko frá Rask (Jón Aðalsteinn Jónsson 1959: 84–87): *je* i staden for *è*, enkel vokal før *ng/nk* (der Rask hadde *au*, *í*, *ú* etter uttalen), alltid *-ur* i endingar og alltid *pt*, jamvel i *skript* < *skrifja*. Det vart dessutan føreslege å skilja *æ* og *œ* (som Eggert Ólafsson òg talde til), men forslaget vart tidleg lagt bort. Helgi Guðmundsson (1972: 108–109) nemner dette i lag med forsøk på å atteroppliva dualis: “The adoption of this archaism is no doubt due to the classicism of the early nineteenth century.”

*Skólastafsetningin* var “næsta lík þeirri, sem við búum við í dag” (Jón Aðalsteinn Jónsson 1959: 87). Seinare diskusjon har dreidd seg mest om *è/é* eller *je* og bruken av *z*. Den etymologiserande lina vann i rettskrivingsspørsmålet, og det inneber at skilnadene mellom *ny-* og gammalisländsk er større enn skriftbiletet gjev inntrykk av. Som nemnt er ein grunn til dette ynsket frå m.a. Rask om at rettskrivinga *skulle* dekkja både gammalt og nytt (jf. § 4.2 og nedanfor). Jamvel om dei to normene etter kvart skilde seg åt, voks dei fram på same tid og i samband med kvarandre.

## 5.2 Rask og Oldskriftselskabet

Med grammatikkane hans Rask og utgåvene frå Oldskriftselskabet, som bygde på rettskrivingsideane hans, slo sjølve prinsippet normalisering gjennom. Utgåvene har ei nokolunde eins rettskriving gjennom heile teksten; ein del omsyn er tekne til handskriftgrunnlaget (som ymsar mellom utgåvene), men dette er medvite og drøfta (stutt) i innleiingane til kvart band. Retningslinene i § 4.2 ovanfor er gjennomførde, men som nemnt var ikkje norma heilt fylgjestreng. Denne rettskrivinga tok mykje omsyn til nyare isländsk uttale, dels på grunn av manglande forståing for den historiske utviklinga, dels i samband med ynsket om eins rettskriving for gammal- og nyisländsk. Rask (1818: 8–9) bruka som nemnt slike argument for *â* og *è* (jf. sitatet i 4.2). 1832-grammatikken definerer studieobjektet som “oldnordisk” og opna såleis for to ulike normer, og på same tid gav Rask opp motstanden mot nyisländske skrivemåtar som *-ur* og *-legur* (Jakob Benediktsson 1979: 15).

Finnur Jónsson (1931: 15) skriv beint ut at “Rask skapaði rjettritun [for norrønt] fyrir rúmum hundrað árum, og má segja, að hún hafi haldist til þessa dags, með nokkrum smábreytingum. [...] Þessi rjettritun er að mestu sú, sem notuð er í orðabókum og lestrarbókum.” Ei slik “smábreyting” gjeld seinare endringar i vokalismen i ein del stillingar, t.d. enkel vokal før *ng/nk* hjá Munch og Unger og i *Oldnordisk Ordbog* (1863); dette vart gjennomført i nýslandsk òg. Eit anna moment er fordelinga av *ð*, *d* og *t*. Slike endringar kom i hovudsak som resultat av språkhistorisk forskning, og førde til ei strengare normalisering på historisk og etymologisk grunnlag, altså bort frá det nýslandske, slik det har vore greidd ut ovanfor.

### 5.3 Wimmers *Læsebog*

I fyrsteutgåva av *Oldnordisk læsebog* (1870) heldt Wimmer seg til “den i de ‘normaliserede’ udgaver af den oldnordiske literatur almindelig fulgte retskrivning”, men til andreutgåva (1877) skreiv han ei innleiing der han drøfta normaliseringsprinsipp og sette fram konkrete forslag. Enno i fjerdeutgåva (1889) er det hans “overbevisning” at desse forslaga “efterhånden i det væsentlige vil vinde almindelig tilslutning i udgaver af oldnordiske skrifter”, og i sjetteutgåva (1903) kunne han slå fast at forslaga “er for længst i alt væsentligt godkendte i de almindelig brugte lærebøger og i udgaver af oldnordiske skrifter.” Somme utgåver viser til denne innleiinga som rettesnor for normaliseringa, så det det er all grunn til å gå grundig gjennom henne.<sup>7</sup>

Målet for normaliseringa er “naturligvis den, som kunde fastsættes for skriftsprogets klassiske periode (omtrent 1300 og noget tidligere)” (s. IX), og han viser ofte til bruken i dei eldste handskriftene, og av “særlig vigtighed” er den islandske homilieboka (Stock. Perg. 4<sup>to</sup> nr. 15), både fordi ho er det største av dei eldste handskriftene, og fordi ho så konsekvent markerer vokallengd. Noreen (1884: § 12) nemner òg at den islandske homilieboka er viktig “wegen [...] seiner **correcten** orthographie” (mi utheving). Hovudprinsippet er altså dei eldste formene, og Wimmer har difor til 2. utg. “ombyttet yngre former [...] med de ældre” (s. XXIV). Døme kan vera pret.pl. *hljópu* for yngre *blupu* (s. XXV), han kommenterer i formlæra at “[f]ormerna med *jó* i præt. plur. äro de äldsta” (Wimmer 1874: § 132); og akk.pl. *sonu* for yngre *syni* (1874: § 52, Anm. 2). Det er

<sup>7</sup> Innleiinga vart trykt opp att i utgåvene til og med den sjette, som var den siste Wimmer sjølv stod for. Eg siterer her frå sjetteutgåva (Wimmer 1903: VIII–XXXII om rettskriving); sidetala er dei same i 4. utg., men 4–5 sider lenger fram i 2. utg.

tydeleg korleis den historiserande språkvitskapen styrer vala: Norma skal uttrykkja det eldste kjende språket.

Trass i at nokre omljodsfonem tidleg fall saman i islandsk, vil Wimmer av “sproghistoriske og pædagogiske grunde” gjennomføra dei eldre formene. Han skil altså /æ:/ og /ø:/ (skrive *æ*), *ø* og *o* (i 1.–3. utg. skrive *ö*, seinare *o*), og brukar den eldre mediopassivendinga *-sk*. Wimmer hadde i 1. utg. (s. V) nemnt at “man med tiden vil komme til at vælge” ð fleire stader enn han sjølv gjorde den gongen, og i 2. utg. innfører han ð t.d. i fortidsformer som *talði* (av *telja*) og *bleypða* (s. X–XI). Men nokre av dei eldste formene nyttar Wimmer berre i kvad, t.d. *vesa/es/vas* og lang vokal før dobbel konsonant i possessiva (*mínn*, *þínn*, *sínn*). Dette er endra frå 1. utg. (s. V), der han med tilvising til Konráð Gíslason (1866: 298–304) skriv *mínn* o.l. allstad.

Vokallengd er eit særleg vanskeleg felt i normaliseringa, sidan lengda har vorte endra både i særlege stillingar og gjennom den ålmenne kvantitetssomlegginga. Noreen (1923: § 16) kritiserer t.d. Fritznér for å vera “nicht immer ganz zuverlässig” i dette. Wimmer skriv ein del gonger stutt vokal der det ikkje var vanleg, t.d. i preteritum av reduplikasjonsverb som *fekk* (av *fá*, s. XII). Dette er ei endring frå formlæra, der han fører opp *fékk* o.l. i denne klassen (Wimmer 1874: § 126). Omvendt markerer han lengd i ein del høve “hvor de sædvanlige udgaver (for største delen i henhold til den nyere udtale) i reglen bruger kort selvlyd” (s. XIX) – døma han gjev, er alle på overlange stavingar der ein kunne rekna med tidleg stytting av vokalen. Han skriv *skáld* i prosa, men *skald* i dikt, fordi vokalen tidleg var lengd (s. XX), men i nett dette ordet kan lengda vera opphavleg (Noreen 1923: § 123, 4; jf. oppslagsforma *skáld* i ONP). Derimot skriv han t.d. *sjálf-* og *gólf-* med lengd vokal i eddadikta òg, trass i merknaden om vokallenging i denne stillinga i grammatikken (Wimmer 1874: § 16,c). Det fortel elles mykje om haldninga når Wimmer viser til vokalkvantiteten i sanskrit, gotisk og gammalhøgtysk som argument for normaliseringa si (s. XXI).

Wimmer meiner normaliseringa av eddadikt bør leggjast til eit eldre språksteg. Han har nokre meir arkaiske former i kvada, men meiner ei full gjennomføring er “meget upraktisk og derfor urigtigt” i ei lærebok (s. XXVII), t.d. u-omljud av /a:/ . Han lét altså norma vera konservativ, men ikkje arkaisk.

Det er likevel ikkje mange endringar frå fyrsteutgåva, men dei systematiske endringane av vokallengd gjeld til dels svært frekvente ord: *mínn* (o.l.) > *mínn*, *hón*, *hánnum* > *hon*, *honnum*, fortidsformer som *féngu* > *fengu* o.l. Utgreiinga i andreutgåva (1877) er altså for ein stor del *post hoc*. Han gjer smærre endringar i høve til tradisjonen, men noko klårt brot er

det ikkje. Nyskapinga ligg helst i den eksplisitte argumentasjonen for vala. Ein skal difor ikkje overdriva rolla hans Wimmer i sjølve *utviklinga* av normalortografien, men leseboka hans fekk evlaust stor innverknad på ettertida og bidrog til *spreiinga*.

#### 5.4 Vidare utvikling

Før framlegga hans Wimmer hadde slege gjennom, skreiv Noreen i føreordet til grammatikken at det ville vera “sehr unzweckmässig [...] in einer wissenschaftlich gehaltenen lautlehre die herkömmlische verkehrte rechtschreibung des altisländisch-altnorwegischen anzuwenden” (1884: V). Han hadde drøfta denne avgjerda med Sophus Bugge og Eduard Sievers, framifrå representantar for den tids historiske språkvitskap. Det kan nemnast at Noreen kjende leseboka hans Wimmer, “eine ganz vorzügliche arbeit”, og nemner føreordet eksplisitt (1884: § 16).

Noreen fylgjer ein historiserande tanke som vart sterkare etter kvart. Allereie i 1884 skil han mellom *á* og *ó*, og han skriv *æ* og *ø* med aksent som andre lange vokalar (altså ikkje *œ* for /ø:/). I andreutgåva (1892) gjekk han over til å skriva halvvokalane *i*, *u*, ikkje *j*, *v*, og i tredjeutgåva vart *ð* erstatta med *þ* i alle stillingar. Han fører opp både *e*, *o* og *i*, *u* som endingsvokalar, oftast i den rekkjefylgja, i tråd med dei eldste islandske handskriftene.

Få tekstutgåver er så konservative, men Andreas Heusler fylgjer Noreen i *Zwei Isländergeschichten* (1913), og argumenterer med at dei som brukar grammatikken skal sleppa å tenkja på ulike skrivemåtar. Medan fyrsteutgåva (1897) fylgde Noreen (1892), er difor andreutgåva oppdatert etter rettskrivinga i Noreen (1903). Argumentet er altså pedagogisk, og Heusler seier i føreordet at same rettskriving er fylgt i innføringsboka han gav ut same året (*Altisländisches Elementarbuch*, 1913). Dersom føremålet er å undervisa i eldre målsoge, er nok denne rettskrivinga pedagogisk, men skrivemåtar som *Húitó* for *Hvítá* styrkjer ikkje sambandet med dagens Island, som t.d. Haugen (1968) legg vekt på.<sup>8</sup>

#### 5.5 Status i dag

Dei fleste normaliserte utgåver fylgjer *Íslenzk fornrit*-tradisjonen. Det er skilnader i normalisering innan ÍF (sjå § 4.5): Kvar utgåve tilpassar seg i

<sup>8</sup> Jamfør det pedagogiske spørsmålet om studentane skal læra rekonstruert eller nyslandsk uttale. Det fyrste er ein føremon for å forstå språkhistoria, medan det siste styrkjer sambandet med det levande språket. Ein diskusjon med bidrag frå mange forskarar er prenta i *Mediaeval Scandinavia* 1, s. 142–173 (1968).

nokon mon alderen på teksten, slik mellom andre Konráð Gíslason (sjå § 4.6) og Finnur Jónsson (1931: 16) rådde til. I hovudsak kan ein likevel seia at prinsippa skildra i § 5.3 vert fylgde. I somme nyare bøker er *æ* bytt mot *ó* (t.d. femte utgåve av *Norrøn ordbok*), og der finst døme på *æ* med aksent, som allereie Noreen bruka (t.d. i ONP, sjå nedanfor). Det er ein opplagd pedagogisk føremon at alle lange vokalar har aksentteikn, i alle fall innan språkhistorie. Men samstundes fjernar det islandske tekstar (unnteke dei aller eldste) frå handskriftgrunnlaget sitt, og gjer dessutan tekstane meir framande for islendingane, som framleis kan lesa språket utan større vanskar. ÍF-norma tek på mange vis omsyn til islandske lesarar, t.d. ved å bruka *æ* (sjå § 3.4); og held på dobbel konsonant før bøyingsendingar, t.d. i fortidsformene *kenndi* og *byggði* av inf. *kenna*, *byggja*, slik praksis er i nyislandsk rettskriving.

Prosjektet *Ordbog over det norrøne prosasprog* (ONP) i Kjøbenhavn har lagt seg på ei konservativ line, og viser tidt til Noreen (1923) og Larsson (1891) i retningslinene sine for normalisering:<sup>9</sup> “Hvor et valg har skullet træffes mellem islandsk og norsk standard, er den mere konservative norm foretrukket.” ONP har t.d. stutt vokal før *l* + konsonant (t.d. *halfr* for gammalislandsk *hálfir*), men alfabetiseringa skil ikkje mellom lang og stutt vokal (slik Cleasby og Gudbrand Vigfusson 1869 gjorde), så dette gjev ingen praktiske problem. Dei viktigaste avvika frå “gjængs praksis” er *æ* og *ó*, “hovedsagelig af praktisk-pædagogiske grunde”. Ein kan òg merkja seg at *kð*, som Guðbrandur Vigfússon i 1864 meinte ville vera “zu alterthümlich” (§ 4.4), er gjennomført i ONP i ord som *spekð*. Her ser ein tydeleg kor historiserande utviklinga av normalortografien har vore. Ved *ft/pt* og *fs/ps* vil ONP normalisera etter etymologien; desse konsonantsambanda har falle saman og har skiftande skrivemåtar både i handskrifter og utgåver (jf. Noreen 1923: § 240, 2).

## 6 Utgang

Dei tekstutgåvene me arbeider me i dag, og dei referanseverka som hjelper oss til å forstå dei, er resultat av ein lang forskingstradisjon. Det er slående at mange av utgåvene på 1800-talet viser til “gjængs praksis” for normalisering. Normaliseringa får då preg av å vera meir eit umedvite resultat av *praksis*, enn av teoretisk språkforskning og grunnjevne val.

<sup>9</sup> Notat som 9. september 2014 er tilgjengeleg på [http://onp.ku.dk/adgang\\_til\\_ordliste\\_etc/ortografi1/](http://onp.ku.dk/adgang_til_ordliste_etc/ortografi1/).

Hensikten er å letta lesinga – norma er *pragmatisk*, meir enn *teoretisk*, fundert. Hødnebo (1977: 71) peikar på at “uklarheten [i normalen] skyldes de historiske forhold; vår vitenskap er en sjølgrodd vitenskap i stadig utvikling, men med et materiale og et siktemål som aldri har vært skikkelig definert verken i tid eller rom.” Den utsegna meiner eg er dekkjande, jamvel om dei kanoniske tekstane frå 1200-talet som Wollin (2000) viser til, har vore avgjerande for ein del val. Wimmer meinte heilt klårt at språket i denne klassiske perioden (“1300 og noget tidligere”) var målet for normaliseringa.

Ei meir teoretisk grunngjeving av norma finn ein fyrst hjå Wimmer (1877), og den er klårt historiserande, men tek samstundes pedagogiske omsyn. Den historiserande tilnærminga er endå sterkare hjå Noreen – målet er det eldste dokumenterbare språket. ONP byggjer på Noreen og dei eldste islandske tekstane (Larsson 1891) i normaliseringa si, og tek likeins konservative val. Slik er den etablerte norma historisk sett lik dei aller eldste tekstane. Ein føremøn med ei såpass konservativ – ein kunne seia arkaisk – norm som ikkje tek omsyn til særspårlege utviklingar, er at ho då kan gjelda som sams for norsk og islandsk (jf. Hødnebo 1977: 76). Dei fleste og mest bruka tekstutgåvene, som *Íslenzk fornrit*, held seg til ei normering som tek noko større omsyn til nyislandsk – og ikkje minst islandske lesarar i dag – enn ONP-norma.

Det største framsteget i moderne tekstutgjeving har vore digitale utgåver. Når papirflata ikkje er ei avgrensing lenger, vert det mogleg å gje att teksten på fleire nivå, slik Menota-standarden legg opp til attgjeving på faksimilært, diplomatarisk og normalisert nivå. Det gjev litteratur- og ålmenhistorikarar ein lettlesn normalisert tekst, medan språkhistorikarar kan halda seg til den diplomatariske eller faksimilære versjonen. Dette kombinerer to hovudtypar tekstreproduksjon, slik Konráð Gíslason og P.A. Munch tok til orde for på 1840-talet, utan at ein treng å inngå kompromiss. Den tette kontakten mellom utgjevingspraksis og forskning som var vanleg på 1800-talet, er uansett eit gyldig ideal. Nye teoretiske perspektiv kan gje ny kunnskap og forståing av språk og litteratur i mellomalderen, men forskaren bør alltid ha fyrstehands kjennskap til dei rådata hen arbeider med. Den kunnskapen kan inga utgåve erstatta, uansett normalisering.

## Referansar

- Ásdís Egilsdóttir (utg.). 2002. *Biskupa sögur II*. Íslenzk fornrit XVI. Hið íslenzka fornritafélag, Reykjavík.
- Blom, Alderik H. 2013. “Rasmus Rask and Romanticism”. *Beiträge zur Geschichte der Sprachwissenschaft* 23(2), s. 241–274.
- Cleasby, Richard og Gudbrand Vigfusson. 1869. *An Icelandic-English dictionary*. Clarendon, Oxford.
- Erik Jonsson. 1863. *Oldnordisk Ordbog*. Ved Det kongelige nordiske Oldskriftselskab. Qvist, Kjøbenhavn.
- Finnur Jónsson. 1918. *Udsigt over den norsk-islandske filologis historie*. Schultz, Kjøbenhavn.
- Finnur Jónsson. 1931. “Handrit og handritalestur og útgáfur”. *Skírnir* 105, s. 1–16.
- Finnur Jónsson. 1933. *Den islandske grammatiks historie til o. 1800*. Levin & Munksgaard, Kjøbenhavn.
- Flom, George T. 1939. “On the History of Views about the Vowel System of Old Norse”. *The Journal of English and Germanic Philology* 38(4), s. 549–567.
- Fornmanna sögur* I–XII. 1825–37. Kjøbenhavn, Hið konúnliga norræna fornfræða félags.
- Fritzner, Johan. 1886–1896. *Ordbog over Det gamle norske Sprog*. Universitetsforlaget, Kristiania.
- Faarlund, Jan Terje. 2004. *The Syntax of Old Norse*. Oxford University Press, Oxford.
- Grimm, Jacob. 1822–37. *Deutsche Grammatik* I–IV. 2. utg. Dieterische Buchhandlung, Göttingen. 1. utg. 1819, 3. utg. 1840.
- Guðbrandr Vigfusson (utg.). 1864. *Eyrbyggja saga*. Vogel, Leipzig.
- Guðvarður Már Gunnlaugsson. 2003. “Stafrétt eða samræmt? Um fræðilegar útgáfur og notendur þeirra”. *Gripla* 14, s. 197–235.
- Halfdan Einersen (utg.). 1768. *Kongs-skugg-sio*. Lindgren, Sorøe.
- Haraldur Bernharðsson. 2005. “Samræmt nútímamál á fornum heimildum”. *Skírnir* 179, s. 181–197.
- Haugen, Einar. 1968. “On the Pronunciation of Old Norse”. Allan H. Orrick (utg.), *Nordica et Anglica. Studies in Honor of Stefán Einarsson*, Mouton, The Hague/Paris, s. 72–82.
- Haugen, Odd Einar. 1994. “Utgjeving av norrøne tekster i Noreg. Eit historisk overblikk og ei metodisk vurdering”. *Nordica Bergensia* 1, s. 137–174.
- Haugen, Odd Einar. 1995. “Constitutio textus. Intervensjonisme og konservatisme i utgjevinga av norrøne tekster”. *Nordica Bergensia* 7, s. 69–99.
- Haugen, Odd Einar. 2013. “Editionen westnordischer Mittelaltertexte in Skandinavien – ein historischer Überblick”. Paula Henrikson og Christian Jans (utg.), *Geschichte der Edition in Skandinavien*, de Gruyter, Berlin, s. 13–47.
- Helgi Guðmundsson. 1972. *The pronominal dual in Icelandic*. Institute of Nordic linguistics, Reykjavík.
- Heusler, Andreas (utg.). 1913. *Zwei Isländergeschichten*. 2. utg. Weidmannsche Buchhandlung, Berlin.

- Hødnebo, Finn. 1977. "Rapport fra en leksikograf". Bent Chr. Jacobsen m.fl. (utg.), *Opuscula septentrionalia. Festskrift til Ole Widding 10.10.1977*, Den Arnamagnæanske Komission, Kjøbenhavn, s. 68–76.
- Hoffmeister, Gerhart. 2003. "Deutsche und europäische Romantik". Helmut Schanze (utg.), *Romantik-Handbuch*, 2. utg. Kröner, Stuttgart, s. 131–165.
- Holm-Olsen, Ludvig. 1981. *Lys over norrøn kultur*. Cappelen, Oslo.
- Holm-Olsen, Ludvig. 1984. "Jón Eiríksson, den første gransker av en gammel-norsk tekst". Bernt Fossetøl m.fl. (utg.), *Festskrift til Einar Lundebø 3. oktober 1984*, Novus, Oslo, s. 252–258.
- Holtmark, Anne. 1955. *Ordforrådet i de eldste norske håndskrifter til ca. 1250*. Dybwad, Oslo.
- Jakob Benediktsson. 1979. "Rasmus Rasks reformer af islandsk retskrivning". *Språkform och språknorm. En bok till Bertil Molde på 60-årsdagen den 16 september 1979*, Svenska akademien och Svenska språknämnden, Stockholm, s. 8–17.
- Jóhannes L.L. Jóhannsson. 1929. "Nútiðarnafn tungunnar, sem eddukvæðin og fornsögurnar eru ritaðar á". *Studier tillägnade Axel Kock*, Gleerup, Lund, s. 134–144.
- Jón Aðalsteinn Jónsson. 1959. "Ágrip af sögu íslenzkrar stafsetningar". *Íslensk tunga* 1, s. 71–119.
- Keyser, R. og C.R. Unger (utg.). 1851. *Barlaams ok Josaphats saga*. Feilberg & Landmark, Christiania.
- Kjartan G. Ottósson.<sup>10</sup> 1988. "Den isländska språkhistoriens primärkällor och deras användning, eller Är historisk lingvistik möjlig utan filologi?" Jan Svensson (utg.), *Nordistiken som vetenskap*, Studentlitteratur, Lund, s. 120–155.
- Kjartan G. Ottósson. 1990. *Íslensk málbreinsun*. Íslensk málnefnd, Reykjavík.
- Konráð Gíslason. 1836. "Þáttur um stafsetning". *Fjölnir* 2, s. 3–37.
- Konráð Gíslason. 1846. *Um frumparta íslenzkrar tungu í fornöld*. Hið íslenska bókmenntafjelag, Kjøbenhavn.
- Konráð Gíslason. 1858. *Oldnordisk formllære*. Det nordiske Literatur-Samfund, Kjøbenhavn.
- Konráð Gíslason. 1866. "Forandringer av 'Quantitet' i Oldnordisk-Islandsk". *Aarbøger for nordisk Oldkyndighed og Historie*, s. 242–305.
- Kristján Árnason. 2005. *Hljóð*. Íslensk tunga I. Almenna bókfélagið, Reykjavík.
- Larsson, Ludvig. 1891. *Ordforrådet i de älsta isländska handskrifterna*. Lindstedt, Lund.
- Lyngby, K.J. 1861. "Den oldnordiske udtale". *Tidskrift for Philologi og Pædagogik* 2, s. 289–321.
- Lyngby, K.J. 1865. "De oldnordiske navneords böjning". *Tidskrift for Philologi og Pædagogik* 6, s. 20–53.
- Menota = *Medieval Nordic Text Archive*. <http://www.menota.org>.
- Morpurgo Davies, Anna. 1998. *Nineteenth-Century Linguistics*. History of Linguistics IV. Longman, London/New York.

<sup>10</sup> Seinare i livet vart han norsk statsborgar og skreiv seg "Ottosson, Kjartan", sjá Ottosson (2002) nedanfor.



- Munch, P.A. 1846. "Sproghistorisk Undersøgelse om det ældste fælles-nordiske Sprogs Udseende". *Annaler for nordisk oldkyndighed (og historie)* 6, s. 219–283.
- Munch, P.A. og C.R. Unger. 1847a. *Det oldnorske Sprogs eller Norrønasprogets Grammatik*. Johan Dahl, Christiania.
- Munch, P.A. og C.R. Unger (utg.). 1847b. *Fagrskinna*. Mallings, Christiania.
- Noreen, Adolf. 1923. *Altisländische und altnorwegische Grammatik (Laut- und Flexionslehre): Unter Berücksichtigung des Urnordischen*. 4. utg. Niemeyer, Halle. Eldre utgåver 1884, 1892 og 1903.
- Nygaard, Marius. 1905. *Norrøn Syntax*. Aschehoug, Kristiania.
- ONP = *Ordbog over det norrøne prosasprog*. <http://onp.ku.dk>.
- Ottosson, Kjartan. 2002. "Research in Icelandic language history 1850–1950. An overview". Oskar Bandle m.fl. (utg.), *The Nordic Languages. An International Handbook of the History of the North Germanic Languages* vol. I, de Gruyter, Berlin/New York, s. 95–101.
- Rask, Rasmus. 1811. *Vejledning til det Islandske eller gamle Nordiske Sprog*. Hofboghandler Schubothé, Kjøbenhavn.
- Rask, Rasmus. 1818. *Anvisning til Isländskan eller Nordiska Fornspråket*. A. Wiborg, Stockholm.
- Rask, Rasmus. 1832. *Kortfattet vejledning til det oldnordiske eller gamle islandske sprog*. Qvist, Kjøbenhavn.
- Rischel, Jørgen. 2002. "The contribution of Scandinavian neogrammarians". Oskar Bandle m.fl. (utg.), *The Nordic Languages. An International Handbook of the History of the North Germanic Languages* vol. I, de Gruyter, Berlin/New York, s. 133–148.
- Schleicher, August. 1861–62. *Compendium der vergleichenden Grammatik der indogermanischen Sprachen*. Weimar: Hermann Böhlau.
- Schwering, Markus. 2003. "Romantische Geschichtsauffassung – Mittelalterbild und Europagedanke". Helmut Schanze (utg.), *Romantik-Handbuch*. 2. utg. Stuttgart: Kröner, s. 543–557.
- Sigurður Nordal (utg.). 1933. *Egils saga Skalla-Grímssonar*. Íslenzk fornrit II. Hið íslenszka fornritafélag, Reykjavík.
- Thorsen, P.G. og Konráð Gíslason (utg.). 1839. *Sagan af Hrafnkeli Freysgoða*. Kjøbenhavn.
- Unger, C.R. 1843. "Beviser for at Adskillelsen af de lange og korte vokaler har fundet Sted i det gamle Norske". *Nor* 2, s. 533–569.
- Unger, C.R. (utg.). 1848. *Alexanders saga*. Feilberg & Landmark, Christiania.
- Weber, Gerd Wolfgang. 1996. "Nordisk fortid som chiliastisk fremtid". Else Roesdahl og Preben Meulengracht Sørensen (utg.), *The Waking of Angantyr*, Aarhus University Press, Århus, s. 72–119.
- Wimmer, Ludvig. 1874. *Formnordisk formlära*. Gleerup, Lund.
- Wimmer, Ludvig. 1903. *Oldnordisk læsebog*. 6. utg. Pios, Kjøbenhavn. 1. utg. 1870.
- Wollin, Lars. 2000. "Guldåldersdrømmen. Ett filologiskt komplex". Kristinn Jóhannesson, Karl G. Johansson og Lars Lönnroth (utg.), *Den formnordiska texten i filologisk och litteraturvetenskaplig belysning*, Gothenburg Old

Norse Studies 2, Litteraturvetenskapliga Institutionen, Göteborgs Universitet, s. 36–50.

- Zeevaert, Ludger. 2014. “Mörkum Njálu. An Annotated Corpus to Analyse and Explain Grammatical Divergences Between 14th-century Manuscripts of Njáls Saga.” Nicoletta Calzolari m.fl. (utg.), *Proceedings of the Ninth International Conference on Language Resources and Evaluation (LREC'14)*, European Language Resources Association (ELRA), Reykjavík.
- Aasen, Ivar. 1854. *En liden Læsebog i Gammel Norsk*. Grøndahl, Christiania.